



Litteraturhuset i Bergen
Østre Skostredet 5-7
5017 BERGEN

Dato: 02.07.2014
Vår ref.: 2014/323-408
Saksbehandlar: dagherl
Dykkar ref.:

Underretting om vedtak

Det vert vist til dykkar søknad om islandsk uke.

Hordaland fylkeskommune, Kultur- og ressursutvalet, handsama søknaden dykkar på møte den 03.06.2014 (sak 78/2014). Dykkar søknad vart diverre gitt avslag.

Opne søknader som kjem inn til Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga og som ikkje er retta mot ei spesiell søknadsordning vert samla opp og handsama i samsak ved avslutninga på kvart semester.

Det står 1,25 million kroner på budsjettposten «til rådvelde for Kultur- og ressursutvalet » i 2014. Ved dette høvet vart det handsama 22 opne søknadar med ein total søknadssum på 2 612 000 kroner, samt søknader frå tre fartøy med samla søknadssum på 1 015 000 kroner.

Grunngjeving

Hordaland fylkeskommune har eit regionalt kulturansvar, dvs. at vi gir stønad til kulturtiltak som har verdi for heile fylket eller store delar av det. Dei same vurderingskriteria som gjeld for m.a. ordninga for Tilskot til ålmenne kulturføremål vert også brukt her. Det vert lagt vekt på desse momenta (i uprioritert rekkefølge):

- I kva grad tiltaket bidreg til ei utvikling av kulturlivet i fylket
- I kva grad tiltaket har verdi for kulturlivet i større delar av fylket
- I kva grad er tiltaket nyskapande og kan ha verdi som pilotprosjekt
- Om tiltaket kan koplå saman aktørar og stimulere til samarbeid på tvers
- Dokumentarisk verdi
- Kvalitativt nivå på prosjekt og søknad
- Gjennomføringsevne og realisme i prosjektet
- Fordeling av midlane i høve geografi og sjanger

Det er tilrådd stønad til prosjekt som fylkesrådmannen meiner har eit regionalt perspektiv og betydning og som stør opp under visjonen for Hordaland fylkeskommune sin kulturpolitikk. I følgje fylkesplanen har fylkeskommunen ei særleg oppgåve i å koplå saman aktørar, etablere partnarskap, skape møteplassar og støtte infrastruktur.

For nærare informasjon og grunngjeving vert det vist til [saksframlegg](#) og Kultur- og ressursutvalet sitt [vedtak](#).

Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans.

Klagen skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over og årsaka til at det vert klaga.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Ronny B Skaar
seksjonsleiar/utviklingssjef

Sakshandsamar: Tone Stedal Haugland/Elisabeth Bjørsvik

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.